



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinkalling

Utval: Fitjar kyrkjelege fellesråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 28. juni 2017
Tid: Kl. 18.00

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Rasmus Fitjar	Leiar
Terje Havro	Nestleiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten

Fitjar, 26. juni - 2017

Harald Rydland, kyrkjeverje

Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet

Sakliste:

Saksnr.

- F-16/17 Revisjonsmelding for 2016
- F-17/17 Økonomi og personell, lukka sak
- F-18/17 Godkjenning av referat
- F-19/17 Meldingssaker
- F-20/17 Open post



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 16/17: Revisjonsmelding for 2016

KPMG, som er Fitjar sokn sin revisor, har no komme med revisjonsmelding for 2016. Revisjonen har ikkje merknader til rekneskapet, men peikar på at rekneskapet er avgitt etter fristen som står i lova.

Etter at revisjonen er gjennomført er det gjort nokre små endringar i rekneskapet. Dette gjer at rekneskapet viser eit rekneskapsmessig underskot på kr. 399.824,- , mot kr. 406.100,- i det rekneskapet som var oppe til godkjenning i førre fellesrådsmøte. I budsjettet vart det rekna med kr. 408.400,- i rekneskapsmessig meirforbruk. Det må gjerast nyt vedtak om å dekka underskotet med overføring frå disposisjonsfondet.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kyrkjelege fellesråd tek revisjonsmeldinga for 2016 til vitande.

Rekneskapsmessig meirforbruk vert dekka ved å overføra kr. 399.824,- frå disposisjonsfondet.

Sak 17/17: Økonomi og personal, lukka sak

Denne saka handlar om Fitjar sokn sin økonomiske stilling etter at kommunestyret har gjeve tilbak melding på søknaden om auka tilskot. Saka handlar og om korleis soknet skal prioritera når det gjeld kva stillingar ein skal ha i staben, og kva oppgåver som skal vera knytt til desse. Sidan staben i kyrkja har så få medarbeidarar er det uråd å drøfta desse forholda utan at det vert knytt opp til dei einskilde personane i staben. Saka bør difor gå for lukka dører.

Fitjar kommunestyre gjorde vedtak om revidert budsjett for 2017 den 21. juni. Kyrkja sende i vår søknad om kr. 800.000,- ekstra i årleg tilskot. Kr. 500.000 til ordinær drift og kr. 300.000 øyremerk til kyrkjelydsprest. Bakgrunnen for søknaden var at kyrkja i Fitjar får langt mindre overføring frå kommunen enn det kyrkja i kommunar på om lag same storleik får. Vidare meiner soknerådet å kunna dokumentera at kyrkja i Fitjar får for lite tilskot i forhold til det som kyrkjelova krev at kommunen skal gje. Kommunestyret løvvde kr. 225.000 ekstra for 2017 og dei kommande åra.

I staben som er løna av fellesrådet er det 6 tilsette fordelt på 3,65 årsverk. Det stillingane er:

Kyrkjeverje 50%
Kyrkjelydsprest 100%
Kyrkjetenar 40%
Kyrkjegardsarbeidar 60%
Kyrkjelydspedagog 50%
Kantor 65%

Birgitte Drønen Brenne som har vore tilsett som kyrkjetenar i 40 % stilling sidan desember 2013 har no sagt opp stillinga si. Ho har fått tilbod om jobb i 100 % stilling som lærar på Rimbareid skule frå hausten av.

Silje F. Fyllingen, som har vore kyrkjelydspedagog i mange år, har søkt om eitt års permisjon frå 1. september. Ho har fått tilbod om ein annan stilling.

Fridleif Lydersen er tilsett i 100 % prosjektstilling som kyrkjelydsprest fram til februar 2018. Han må no få ei avklaring om kva som skjer etter den tid.

I lys av den økonomiske situasjonen og forhold vedkommande fleire av dei tilsette må soknerådet ta ei drøfting om kva som må gjerast framover.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.



Sak 18/17: Godkjenning av referat

Utkast til referat fra møte den 30. mars 2017 har sekretæren sendt ut i eigen e-post tidligare. Det er fint om medlemene kan sjå gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet godkjenner referatet fra møtet den 30. mars 2017.

Sak 19/17: Meldingsaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Orgel- og galleriprojektet, status for ferdigstilling og økonomien i prosjektet
2. Sommardrift på kyrkjegården

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek meldingane til orientering

Sak 20/17: Open post